

Det kongelige landbruks- og matdepartement
PB 8007 Dep
0030 OSLO

j. ført som c-post 27/4-10

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 2010/67-34	Doknr.:
Mottatt: 29 APR 2010	
Saksbeh.: ASR/SEB	Ark.: 410
Kopi:	Avskr.:

Dykkar ref.

Vår ref.
10/365-4/ 10/3148/V09, &13/ØTH

Dato:
Manger: 28.04.2010

FORSKRIFT OM NYDYR KING - HØYRINGSUTTALE FRÅ RADØY KOMMUNE

Vi viser til dykkar høyringsbrev, dagsett 17.02.2010.

Radøy formannskap handsama saka i møte 22.04.2010, sak 026/10, og gjorde slikt samrøystes vedtak:

”Radøy kommune går i mot dei endringane som framgår av ny Forskrift om nydyrking. Eit absolutt forbod mot dyrking av myr vil få dramatiske konsekvensar for landbruksnæringa i kommunen.

Radøy kommune kan ikkje sjå at det er godt nok fagleg grunnlag for framlegget m.a. er det ikkje vurdert

- Korleis skal Noreg dekkje trongen for mat i framtida
- Kva vert klimarekneskapet dersom endringane vert gjennomført
- Kvifor det ikkje er opna for vurdering med omsyn til dyrking av myr. Spesielt med tanke på at også biologisk mangfald er nytta som argument for eit absolutt forbod.
- Kva strategi har LMD for å handtere klimagassar frå utbygging av myrområde som veger, industri etc.
- Dei økonomiske konsekvensane for landbruksnæringa må utgreiast.”

Vi viser elles til saksutgreiinga som følgjer vedlagt.

Med helsing

Christian Fotland (sign)
Rådmann


Leif Jaule
ass. rådmann

RADØY KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Formannskapet	22.04.2010	026/10	ØTH

Avgjerslemynde: Formannskapet Sakshandsamar: Øyvind Thømt	Arkiv: K2-V09, K3- &13 Objekt:	Arkivsaknr 10/365
--	---	-----------------------------

FORSKRIFT OM NYDYR KING - HØYRING

Dokumentliste:

Nr	T	Dok. dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	05.04.2010	Det kongelige landbruks- og matdepartement	Forskrift om nydyrking - høyringsnotat og høyringsbrev

Vedlegg i saka:

Forslag til ny forskrift om nydyrking
Høyringsnotat
Uttale frå Hordaland Bondelag

Saksutgreiing:

I samband med stortingsmelding nr. 39 (2008-2009), vert det synt til at eit av dei verksamme tiltaka landbruket kan bidra til reduksjon av klimagassar, er å stanse nydyrking av myr. Med denne bakgrunn, har Landbruks- og matdepartementet sendt ut på høyring ny Forskrift om nydyrking.

I forslag til ny forskrift for nydyrking, vert myr definert med torvlag meir enn 30 cm, og arealet skal vere over 2 dekar. Dersom det er meir enn 20 år sia jorda vart slått, må det søkjast om nydyrking. I forslaget til ny § 6, vert det sett eit forbod mot å nydyrke areal som fell innanfor definisjonen av myr:

§ 6 nytt første ledd skal lyde:

Nydyrking kan ikke tillates på myr. Med myr menes areal større enn 2 dekar med myrvegetasjon og med minst 30 cm tjukt torvlag. Definisjoner som ligger til grunn for økonomisk kartverk skal legges til grunn ved avgrensingen.

§ 6 første og annet ledd blir nytt annet og tredje ledd.

For landbruket i Nordhordland, vil nydyrking i praksis være forbode, dersom forslaget til ny forskrift blir vedteke slik det ligg føre. Nær alt dyrkbart areal i Radøy er myr. For enkeltbruk vil innføring av ny tekst få følgjer for utviklinga av drifta på garden. Td har det i området Sletta-Straume vore gjort store investeringar i mjølkeproduksjonen. Skal bonden auke eget areal, er einaste alternativ å dyrke myr.

Jordbrukssjefen saknar eit betre fagleg grunnlag for innføring av forbod mot dyrking av myr. I høyringsnotatet kjem det ikkje fram kva konsekvensar forbodet vil få for produksjonen av mat

i Noreg. Det er om lag 3 % av arealet i Noreg som er dyrka jord. Med ein aukande befolkning, vert Noreg avhengig av å importera mat. Transport av mat fører også til klimagassar. Det er i høyringsforslaget ikkje diskutert korleis framtidig trong for mat skal dekkjast i Noreg, eller kva energirekneskapen vert ved import av mat, kontra eigen produksjon av mat. Høyringsnotatet diskuterer berre kva konsekvensar dyrking av myr har, utan at det er gjort ei større vurdering av korleis trongen for mat skal dekkjast i Noreg, og kva som vil gje minst utslipp av klimagassar.

Vidare er det ikkje utgreidd kva graset bind av klimagassar. Det er ikkje slik at nydyrking berre fører til utslepp av klimagassar. Graset som veks på dyrka myr bind klimagassar og. Før ein gjennomfører så dramatiske endringar i forskrift om nydyrking, må det faglege grunnlaget vere betre enn det høyringsnotatet syner.

Dei økonomiske konsekvensane er ikkje diskutert i høyringsnotatet, utover at kostnadene for samfunnet vert antatt lav. Å innføre eit forbod mot dyrking av myr, utan at det er gjort kvalifisert arbeid på korleis dette vil slå ut økonomisk for landbruksnæringa, er vanskeleg å akseptera. Det er heller ikkje diskutert mogleg økonomisk kompensasjon til grunneigarar som vert ramma av forbodet mot nydyrking av myr. I høyringsnotatet er det skrevet at det er store kostnader med å dyrke myr, samstundes vil det vere kostnader for den einskilde grunneigar med å skaffe seg alternativt areal. Ein må forventa ein meir seriøs handsaming av dei økonomiske konsekvensane enn denne analysen.

I si høyringsuttale, skriv Hordaland Bondelag, at det er freistande å sjå på forslaget som ei markeringssak frå LMD, for å vise at dei tek miljøansvar. Det er vanskeleg å vere ueinig i dette.

I tillegg vert store myrområde kvart år nytta til anna formål som industri, bustadområde, vegar etc. Kva tiltak vert sett inn for å handtera klimagassar frå myr som vert nytta til anna formål enn landbruk? Vegutbygging, utbygging av bustadfelt og bygging av ny veg fører til at store jordbruksareal vert omdisponert . Som døme kan ein nytte ny E6 gjennom Akershus og Østfold. Kva strategi har departementet for å erstatte den produksjonen som vert borte i samband med store vegutbyggingar utan å dyrka myr?

I høyringsnotatet vert det vist til at gardbrukarar som har trong for tilleggsjord, bør foreta vedlikehald eller sikre seg tilleggsjord.

- Oppattgrøfting er arbeidskrevjande og dyrt. Dersom endringane i forskrifta vert vedteke, må det følgjast opp med tilskot til grøfting. Det er 10 år sia det sist vart opna for sentrale tilskot til oppattgrøfting.
- Einaste realistiske måten å sikre seg tilleggsjord i Radøy, er leigejord. Med små eigedommar med høg pris, vert det umogleg å forsvare å kjøpe gardsbruk som kjem for sal, ut i frå avkastinga ein kan forventa av areala. I tillegg er det ikkje mange gardsbruk som kjem for sal i løpet av eit år. Drifta av leigejord vert ikkje like god som drift av eigen jord. Mellom anna er det vanskeleg å forsvare oppattgrøfting, alt med at leigekontraktane for jordbruksareal er på 10 år. Avtaler for lengre tidsrom krev deling osb, som i praksis fører til at leigekontaktane ikkje vert skreve for lenger tidsrom.
- Med små eigedommar, fører landbruksdrift basert på leigejord til store køyreavstandar. Kva utslepp gjev dette, mot dyrking av myr som vil gje ein betre arrondering? For samdrift i mjølkeproduksjonen, kan avstanden vere opptil 17 km langs veg mellom gardane som inngår i samdrifta og driftssenteret til samdrifta.

Konklusjonen vert at forslaget til ny forskrift om nydyrking ber preg av dårleg førearbeid. Innføringa av ny forskrift er ikkje fagleg godt grunngeven, og utgreiing om kva konsekvensar endringane vil føre til, er ikkje utarbeidd. Det er ikkje opna for vurdering av dei ulike myrområde, men forslaget vil gje eit absolutt forbod mot nydyrking av myr. Særleg med tanke på biologisk mangfald er eit av argumenta i høyringa, vert det vanskeleg å forstå at det ikkje er rom for å vurdere ulike nydyrkingar.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune går i mot dei endringane som framgår av ny Forskrift om nydyrking. Eit absolutt forbod mot dyrking av myr vil få dramatiske konsekvensar for landbruksnæringa i kommunen.

Radøy kommune kan ikkje sjå at det er godt nok fagleg grunnlag for framlegget m.a. er det ikkje vurdert

- Korleis skal Noreg dekkje trongen for mat i framtida
- Kva vert klimarekneskapet dersom endringane vert gjennomført
- Kvifor det ikkje er opna for vurdering med omsyn til dyrking av myr. Spesielt med tanke på at også biologisk mangfald er nytta som argument for eit absolutt forbod.
- Kva strategi har LMD for å handtere klimagassar frå utbygging av myrområde som veger, industri etc.
- Dei økonomiske konsekvensane for landbruksnæringa må utgreiast.

22.04.2010 FORMANNSKAPET


Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

FS-026/10 VEDTAK:

Radøy kommune går i mot dei endringane som framgår av ny Forskrift om nydyrking. Eit absolutt forbod mot dyrking av myr vil få dramatiske konsekvensar for landbruksnæringa i kommunen.

Radøy kommune kan ikkje sjå at det er godt nok fagleg grunnlag for framlegget m.a. er det ikkje vurdert

- Korleis skal Noreg dekkje trongen for mat i framtida
- Kva vert klimarekneskapet dersom endringane vert gjennomført
- Kvifor det ikkje er opna for vurdering med omsyn til dyrking av myr. Spesielt med tanke på at også biologisk mangfald er nytta som argument for eit absolutt forbod.
- Kva strategi har LMD for å handtere klimagassar frå utbygging av myrområde som veger, industri etc.
- Dei økonomiske konsekvensane for landbruksnæringa må utgreiast.

Det utskrift
 **RADØY KOMMUNE**
KROSSVEGEN 8
5903 MANGER
Leif Saevle